

Fra: Anne Vedvik (Anne.Vedvik@hfk.no)
Sendt: 29.07.2014 10:53:04
Til: 'mari@ordsmeden.com'
Kopi: Stanley Hauge

Emne: SV: Drosjesak
Vedlegg:

Hei!

Kva kriterier som vert stilt til drosjeeigarar går fram av yrkestransportregelverket. I tillegg kan løyvestyresmakta sette vilkår på drosjeløya.

TT-kortet er eit elektronisk betalingskort for funksjonshemma brukarar som er godkjent av Hordaland fylkeskommune. TT-kortet skal kunne brukast som betalingsmiddel i alle drosjene i Hordaland og drosjene har ikkje høve til å nekta å ta TT-kort.

Funksjonsfriske har ikkje føretrinsrett i drosjekøen dersom den funksjonshemma er i stand til å nytta ordinær drosje. Dersom den funksjonshemma sjølv kan setja seg inn i drosja og t.d. nyttar samanleggbare rullestol som kan gå som vanleg bagasje, er drosja pliktig å ta vedkomande med.

Dersom den funksjonshemma må nytta særskilt tilrettelagt rullestoltransport, må dette tingast på førehand og ein må forventa noko lengre responstid enn for ordinære drosjer. Dette har med kapasiteten på slik transport å gjera.

Desse problemstillingane vart drøfta med drosjesentralane og representantar frå Handikapforbundet og Kommunalt råd funksjonshemma på eit samarbeidsmøte 11. juni 2014. Alle drosjesentralane er innforstått med reglane som gjeld og dei oppmoda i møtet drosjekundar som opplever å bli avvist eller liknande å notera seg drosjenummeret og melda frå til sentralen.

Løyvestyresmakta kan tilbakekalla drosjeløye med heimel i yrkestransportlova § 29, jf. yrkestransportforskrifta § 16 dersom løyvehavar ikkje fyller dei krava som er sette i forskrifter og vilkår eller ikkje rettar seg etter forskrifter og vilkår som gjeld for å driva verksemda. Løyvestyresmakta kan tilbakekalla eitt eller fleire løyve og eventuelt ileggja karantene på inntil 3 år før løyvehavar kan søkja om drosjeløye på nytt. Det er alvoret i brotet på regelverket som avgjer kor mange løyve som skal tilbakekallast og eventuell karantene og lengda på denne. Dette er den sanksjonsforma løyvestyresmakta har.

Tilbakekalling av drosjeløye er eit alvorleg inngrep, og fylkeskommunen tar i tilfelle som nemnt i e-posten din, i første omgang kontakt med aktuell drosjesentral dersom me mottar klagar frå drosjekundar. Sentralen får høve til å ta saka opp med den aktuelle drosjeeigar. Drosjesentralane har egne sanksjonsreglement med t.d. utestenging frå turtildelingar og bøter. Dersom fylkeskommunen mottar gjentekne klagar på same drosjeeigar, vil fylkeskommunen gå vidare med saka.

Venleg helsing

Anne Vedvik
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen

Tlf: 55 37 80 56
www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: mari@ordsmeden.com [<mailto:mari@ordsmeden.com>]
Sendt: 23. juli 2014 11:21
Til: Kommunikasjonsseksjonen - Postmottak
Emne: Drosjesak

Hei!

Eg skriv ei sak om drosjenæringa i Bergen og personar med nedsett funksjonsevne som har vorte nekta drosje. Eg skriv for Handikapnytt.

Drosjene vil heller ikkje ta TT-kort. Funksjonsfriske har også gått foran i køen. Kva kriterier sett Fylkeskommunen til drosjeeigarane? Kva sanksjonsmoglegheiter har de om desse kriteria ikkje vert fylgde?

med venleg helsing
Ordsmeden Mari Hansen